



Høgskolen i Hedmark

LUNA

1 GLU 5-10, emne 3: Språkleg fordjuping – våren 2014

Målform: nynorsk

Eksamen (6 timar)

3. juni 2014, kl. 09.00-15.00

Oppgavesettet består av tre delar (A, B, C) med spørsmål frå pensumet for emne 3, Språkleg fordjuping, slik det er spesifisert i studieplanen. Du skal svare på del A (obligatorisk), og du skal svare på anten del B eller del C. Begge oppgavesvara skal vere på nynorsk. Begge oppgåvedelane må vurderast til bestått.

Hjelpemiddel:

Norsk-norsk ordliste/ordbok (utan eigne merknader/markeringar).

OPPGÅVEDEL A: (obligatorisk)

a) I linje 4 i vedlagde tekst står ordet «husnommer».

Diskuter dette ordet med utgangspunkt i det norske lyd- og skriftsystemet, og peik på utfordringar for minoritetsspråklege og andre som kan ha lese- og skriveproblem.

b) Lag morfologiske treanalysar av følgjande ord, og definer fagtermane du bruker:

hedmarkingar, hedmarksdialektene

c) Analyser følgjande setning (linje 2 frå vedlagde tekst) med omsyn til funksjon og form, og diskuter analysen din.

Far din læste i avisa at dom fleste ulykker skjer i heimen.

Svar på anten oppgåvedel B eller oppgåvedel C:

OPPGÅVEDEL B:

Diskuter den vedlagde teksten ut frå eit tekstlingvistisk perspektiv med vekt på språkfunksjonar og språkhandlingar.

OPPGÅVEDEL C:

Diskuter den vedlagde teksten ut frå eit målføreperspektiv, og peik på trekk som kan knyte teksten til Hedmark.

Typisk Hedmarking? :) Brev fra mor til sønn.

Kjære gutten min. Je skriv dætti breve sakte, før je veit du itte læs fort.

- 1 Nå bor vi itte lenger der vi bodde da du drog hemma frå.
 - 2 Far din læste i avisa at dom fleste ulykker skjer i heimen, så vi fløtte.
 - 3 Je kænn dessverre sende noa adresse, før dæ dom som bodde her før øss tok mæ seg vegskilt
 - 4 ...å husnommer da dom fløtte. Så dom itte trengte å skifte adresse sjøl.
 - 5 Huset er ...skikkelig fint. Dæ æ tæll å mæ vaskemaskin her. Men je er itte sikker på om den
 - 6 fungere helt bra. I forrige uke hadde jeg oppi noa klær å drog i snora-å sea har je itte sett no
 - 7 tæll dom.
 - 8 Dæ var to løkk (lokk) på den, men vi hadde itte bruk før de to løkka på badet der maskina
 - 9 står, så dæ ene bruke vi tæll brødfjøl. Dæ andre var det et stort høl i, så dæ har vi som
 - 10 ramme rundt bilde ta`n bæsfar.
 - 11 Været er fint her. Dæ regne to gonger i forje uke. Først regne dæ i tre daar og andre
 - 12 gongen regne dæ i fire daar.
 - 13 Når dæ gjeld dænna jakka du ville je sku sende åt deg, så saan onkel lasse at den ville bli
 - 14 ælt for tung å sende i posten mæ ælle dom knappa på, så je klypte dom ta og la dom i
 - 15 innerlomma.
 - 16 Syster di fekk en onge nettopp. Je har itte hørt om det er gutt hell jinte, så je kæn itte seia
 - 17 om du har vørti tante hell onkel.
 - 18 Hæn onkel Harry datt oppi ei tynne mæ hembrennt i forje uke. Vi prøvde å dra`n oppat,
 - 19 men hæn bærre flire og ville itte komma oppat. Tell slutt så drukne`n. Vi fekk`n kremert, å
 - 20 hæn brenn ennå.
 - 21 Ellers har dæ itte skjedd så vældig mye her.
- 22 Klæm fra mamma. PS: je skulle sende noe peeng, men konvolutten var ælt klistre att :)